

Referat frå foreldremøte for 7.årssteg på Spildepollen skulen

Dato 4.9.24

Lærarane presenterer seg, og hvilke gruppe dei er kontaktlærar for. Charlotte er kontaktlærer for gruppe 1, og har i tillegg gym og naturfag i gruppe 2. Andreea er kontaktlærer for gruppe 2, og har i tillegg engelsk og musikk i gruppe 1. Fatima er faglærar og har matte, samfunnsfag og K&H i gruppe 1, og matte i gruppe 2, i tillegg til spesped timer.

Elevane er delt i to klasserom mesteparten av tida, dette grunna betre arbeidsro og læringsmiljø. På uteskule, i bibliotekstimen og ein mattetime i veka er dei to gruppene blanda.

Oppstart: Lærarane er nøgd med oppstarten av skuleåret. Elevane er kommen godt i gang med rutinar, dei arbeidar godt med faga og er flinke til å følgje reglane.

Klassemiljø

Sosial kartlegging: Det vert gjennomført sosialkartlegging jamnleg. Kartlegginga så langt har samsvar overens med kva lærarane oppserverer i skulekvardagen. Det vert satt inn tiltak for at alle skal føle seg inkludert i skulekvardagen.

Elevsamtalar og miljørettleiar: Alle elevane skal ha éin elevsamtale før haustferien, dersom elevane etterspør eller dei vaksne oppserverer at det er behov for hyppigare elevsamtalar før det, blir dette gjennomført. Miljørettleiar på skulen er godt kjend med klassen, og er stort sett innom læringsarealet kvar dag. Elevane brukar miljørettleiarene til samtalar. Elevane kan sjølv spørje om samtale med miljørettleiar. Dei vaksne kan og avtale samtalar på vegne av elevane. Miljørettleiar har og samtalar med grupper i klassen.

Elevmedverknad: Elevane får vere med å bestemme i skulekvardagen. Dei har hatt innspel til halvårsplanane, dei får vere med å bestemme kvar vi går på uteskule, og dei får vere med å bestemme korleis vi skal arbeide med fag og tema.

Leik og spel: Leik og spel er viktig for klassemiljøet. Elevane på 7.steg likar å leike. Leikar og spel ligg lett tilgjengeleg i klasseromma. Jentene i klassen ynskjer ein betre relasjon til gutane i klassen i leik og i friminutta. Lærarane skal legge til rette for det.

Sosialt mål: Vi arbeidar med sosiale mål kvar veke. Det same målet kan være fleire veker. Temaet for det sosiale målet er likt på heile skulen.

Mitt val: Mitt val er aktivitetar og leksjonar som skal styrke det sosiale miljøet i klassen. På 7.steg arbeider vi ofte med dette på uteskule, og det skal vere minst ein aktivitet i månaden.

Kjøpepress: Det har vore hendingar på 7.steg der det har vore for mykje fokus på blant anna kva sekker, sko, jakker, osb elevane brukar. Lærarne har samtalar om dette på skulen, men dei ynskjer hjelp frå foreldre til å snakke med borna dette heime og. Det er spesielt blant jentene dette har vore ein sak.

Språkkampanje: Miljørettleiar på skulen arrangerer språkkampanje i september der målet er at elevane skal få eit meir positivt språk og bygge opp ordforrådet sitt med på positive ord dei kan bruke i kvar dagen. Fokuset skal vere positivt retta, og elevane får belønning for eit positivt språk.

Daglege rutinar: Daglege rutinar er viktig for forutsigbarhet og for å skape eit godt klasse- og læringsmiljø. 7. årssteg sine rutinar:

- Dei vaksne opnar yttardøra når det ringjer inn om morgonen. Det er alltid minst éin vaksen i garderoben og helsar på alle elevane.
- Elevane leverar inn mobilten i klasserommet før dei går inn i klasseromma. Lærarane oppfordrar føresette til å snakke med elevane om viktigkeit med å leve inn mobilane.
- I klasserommet startar elevane kvar dag med lesekvert, før vi helsar "god morgen"
- I matpausen til elevane sit dei i kvart sitt klasserom dersom ikkje anna er avtalt. Dei får se dagens episode av supernytt. Resten av tida vert bruk til prat og høgtlesing.
- Før elevane går heim vert dagen avslutta med oppsumering av dagen, og takk for i dag helsing.
- Minst ein vaksen er i garderoben når elevane går heim, før og etter kvart friminutt.

Klassereglar og skulereglar:

Elevane har laga klassereglane. Dei heng synlege i klasserommet. Skulereglane vart revidert i vår. Lærarane har gått gjennom dei med elevane på skulen. Skulereglane finn de på skulen sin heimeside.

Læringsplan: Læringsplanen vert sendt heim som nyhende i Vigilo og lagt på elevane sitt classroom "informasjon" kvar fredag. Læringsplanen vert og gått gjennom saman med elevane kvar måndag, og hengt opp i kvart klasserom, samt i gongen. Heimearbeidet elevane får er repetisjon eller førebuing til undervisninga på skulen. Etter kvart ynskjer lærarane å gje repetisjonslekser i matematikk. Forslag frå foreldra er at det kan vere ein vekelekse.

Leirskule: Det vert eit eige foreldremøte før leirskulen. Leirskulen er på Langedrag og vert i veke 13. Skulen sender heim utstyrliste så snart som mogleg.

Klassekontakt:

- Gruppe 1: Elisabeth Selstø, vara Maria Dalland.
- Gruppe 2: Adelheid Steinestø, vara Veronica Johnsen

Eventuelt:

Foreldra stiller spørsmål om det vert arrangert noko sosialt for alle 7.klassingane som skal byrje på ungdomsskulen saman, i regi av skulen. Lærarane veit ikkje om noko anna enn Tine-staffetten og ein dag der alle skulane besøkjer ungdomsskulen samtidig. Lærarane skal undersøkje om det kan gjennomførast til dømes ein felles tur for alle 7.klassingane i skuletida. Foreldrekontakt informerer om årshjulet til FAU, der det er lagt inn plan om eit felles vinterball for alle 7.klassingane på Spildepollen, Stranda, og Skogsvåg.

Lærarane ynskjer at føresette hjelper borna med å hugse klede til uteskule og sjekke at bornet har gymsko.

I Vigilo kan du sjølv velje kven som kan se meldingen du sender. Det kan vere lurt å velge at alle lærarane ser meldingen dersom t.d. kontaktlæraren ikkje er på jobb den dagen, og meldinga gjeld ein beskjed som bør lesast same dag. Dersom du får problem med Vigilo kan du ta kontakt med skulen.